



Tiltaksplan

**VINJE KOMMUNE
2010-2011**

Tiltaksplan

Etter den skjematiske oversikten, kjem ei grundigare beskriving av tiltaka.

Oversikt over tiltak og prosjekt

KVA	KVIFOR	KVEN	NÅR
Nærmiljøgrupper i Rauland og Øyfjell, Åmot og Vinje, og i Edland.	Dei som arbeider med barn og unge i lokalmiljøet møtes jamleg for å utveksle erfaringar for at vi dermed raskt skal fange opp negativ utvikling, samt skape eit godt oppvekstmiljø for barn og unge.	Sosiallærer Repr. frå barnehagen Helsesøster Psyk. sjukepleier Barnevernet Politiet Miljøarbeidar Ungdom og fritidsleiar	Om lag kvar 6.uke
Sommarleir	Eit ferietilbod til alle frå 5. - 8. klasse. Eit primærførebyggande tiltak.	Eining for kultur	Ei veke kvar sommar
Ungdomsdisco på rullering.	Tilbod til ungdomane som knyt bygdene saman.	Ungdom og fritidsleiar/ miljøarbeidar	Ei gong i månaden.
10. klasseset, volleyballturnering, energikampen, vestibylekonsertar.	For å knyte bygdene/elevane saman.	Skulane, kulturskulen.	I løpet av 2010/2011
Invitere nærmiljøgruppene til møte i FAU.	Etablere kontakt med foreldra.	Nærmiljøgruppene	I løpet av 2010/2011
Utfordre 10./9. klasse foreldre til å ha natteravnar ute på 'risikodagar'.	For å ha fleire vaksne ute blant ungdomane på dagar det skjer noko ekstra.	SLT-koordinator/skulane	I løpet av 2010/2011
Etablere rutinar for overgangen mellom grunnskule og vidaregåande skule.	For å sikre at ungdommane får oppfølging når dei byter skule og/eller flyttar på hybel. Og at vidaregåande får skulehistorien til elevane, slik at dei <i>ikkje</i> møter med blanke ark.	Ungdomsskulane v/ rektorane/rådgjevar	Hausten 2010
Rullering av handlingsplan og tiltaksplan		Arbeidsgruppa	Slutten av 2011

Meir om tiltaka

Nærmiljøgruppene.

Det er der vi jobbar tverrfagleg og tverretatleg i praksis. Det er her dei praktiske løysingane skal koma frå. Her kan ein få praktisk hjelp og råd. Vi er derimot avhengige av at det kjem problemstillingar til oss frå skulane og barnehagane, og gjerne frå foreldre, som vi kan arbeide vidare med.

Foreldredeltaking og informasjon (Undervisningsplanen)

Det er viktig at foreldra tas med i det førebyggjande arbeidet, både som deltakare og at dei får informasjon og rettleiing. Det er avgjerande for å lykkas med haldningsskapande arbeid, å involvere foreldra. Dette gjeld også i førebyggjande tiltak retta mot einskilde og grupper.

I samband med dette arbeidet har skulen og nærmiljøgruppa laga eit felles undervisningsopplegg. Der me har planlagt foreldremøte med ulike tema vi meiner er viktig for foreldre med barn i ulike aldrar.

Overgangen mellom grunnskule og vidaregåande skule.

Å flytte på hybel allereie når ein byrjar på vidaregåande er spesielt for oss som bur i Vinje. Dette kan vere ei stor utfordring for mange, og er framleis noko ein bør jobbe med. Den vidaregåande skulen bør også få informasjon om elevane som kjem, slik at dei *ikkje* startar med blanke ark.

Crossbane og sommarleir.

Dette er byggjande, primær- og kanskje sekundærførebyggjande tiltak, som skal vere tilbod til alle barn og unge i kommunen. Sommarleiren har vore nokon år, medan arbeidet med crossbane har stadig stoppa opp. Nå er det ein gjeng unge gutar i Øyfjell som prøvar å dra det i gang.

Generelt

Fleire av punkta heng saman og går over i kvarandre. Som til dømes å informere og å lage informasjon. Informasjon erfarer vi er utruleg viktig. Det kan ikkje bli nok av informasjon. Vi må informere aktivt og ikkje vente på at folk sjølve innhentar informasjon. Vi opplever og at mange ikkje veit om dei tilboda som finst for barn og foreldre i kommunen, både hjå foreldra og hjå tilsette i kommunen.

Vinje, september 2010